

## Forslag til trafikksikringstiltak i Roalkvam i samband med Lyse sine utbyggingsplanar

### Hovudføremål:

Sakte fart på biltrafikken og trygg veg for mjuke trafikantar frå ferista ved Roalkvam båthamn til og med brua over Tverråno aust for Roalkvam.

### Bakgrunn:

Vegen gjennom Roalkvam vart opphaveleg laga for hestetransport og blei oppgradert i samband med RSK-utbygginga i 1960 åra. Trafikkbildet og trafikken har endra seg mykje på 60 år. Det vil derfor vera trong for nye trafikksikringstiltak for å redusera ulykkesrisikoen i grenda før anleggsperioden startar.

Fastbuande og hytteeigarar i Roalkvam har diskutert korleis trafikforholda vil bli i Roalkvam i samband Lyse sine utbyggingsplanar. Me vil be om at følgjande trafikksikringstiltak blir etablert i Roalkvam før anleggsperioden startar:

- **Redusert fartsgrense**

Fartsgrensa gjennom kverven vekslar i dag mellom 80km/t og 60 km/t. Den bør reduserast til 40 km/t på strekninga frå ferista ved Roalkvam båthamn til og med brua over Tverråno aust for Roalkvam. På strekninga frå Kilen til Bleskestad der dagens fartsgrense er 80 km/t bør denne reduserast til 60 km/t så snart som mogleg.
- **Fartsdumpar**

6-8 fartsdumpar må anleggjast i 40 km/t sona og spreiaast over heile strekninga på nærare angjevne stader. Vegen må også utbetrast i svingen nedanfor Tverrabrua ved å fjerna store steinar frå ura der. Svingen er uoversiktleg slik han er nå.
- **Oppgradert bru over Tverråno like aust for Roalkvam-grenda**

Dagens bru over Tverråno er smal og ligg på ein bakketopp. Den er trafikfarleg for både køyretøy, menneske og bufé. Der er ikkje angitt noko vektgrense på brua. Den må oppgraderast med eitt av følgjande alternativ:
  - Ny gangbru over Tverråno like sør for eksisterande bru, eller
  - Eksisterande bru erstattast med ei breiare bru med avdelt felt for mjuke trafikantar.Vegbreidda på begge sider av brua må aukast med 2-3 meter for at det skal blir tryggare for mjuke trafikantar som bevegar seg opp mot brua.
- **Gatelys**

Det blir etablert gatelys på heile strekninga frå ferista ved båthamna til og med brua over Tverråno.
- **Vegstøv**

Lyse må ha ein beredskap for å kunne gjere tiltak (feiing, vatning o.l.) dersom anleggstrafikken medfører auka vegstøv i grenda.
- **Støysikringstiltak**

Det er ønskeleg at Lyse etablerar støysikringstiltak om målingar viser høgt støynivå på eigedommar som ligg tett ved vegen.

### Avslutning

- Lyse v/Oddvar Njå har bekrefta til Erik Kjos-Hanssen at (ikkje spesifiserte) «Trafikksikringstiltak vil bli utført og at midler til slike tiltak inngår i våre (dvs Lyses) investeringsestimater».
- Trafikksikringstiltaka må vera på plass før anleggsperioden startar. Me bed derfor Lyse informere om korleis tidsplanen for slike tiltak er integrert i utbyggingsplanen.
- Lyse v/Oddvar Njå har skreve til Erik Kjos-Hanssen at «Trafikksikring skal gjøres som en del av detaljplanleggingen og HMS planlegging etter at det er utarbeidet detaljplaner og vedtatt utbygging».
  - Me bed Lyse opplysa om kor lang tid går det frå utbygginga er vedteken til arbeidet i felten og anleggstrafikken startar opp.
- Nye trafikksikringstiltak skal identifiserast, planleggast, godkjennast av rette instansar og deretter utførast.
  - Me bed Lyse opplysa kor mange månader eller år i utbyggingsplanen som er tilgjengeleg for desse aktivitetane?

Mvh Valborg Roalkvam Sandal  
på vegner av innbyggjarar og hytteeigarar i Roalkvam.